

## INVESTERINGSTILSKOT TIL STØRRE IDRETSANLEGG 2021

Søkjar	Kort beskrivelse av tiltaket/prosjektet	Kostnadar	Søknadssum	Grunngjeving	Tilråding
Bergen kommune/Åsane Cykl	Triatlon miljøet ønsker å arrangere årleg verdenscup. Dei ønsker og å arrangere eit vinter triatlon med Voss blant destinasjonane. For å gjennomføre dette treng dei portabelt spesial utstyr.	1 925 000	1 925 000	Bergen har tre av dei beste triatlon utøvarar i verda. Flott dersom dei kan få vise seg fram på heimebane i verdenscup. Dei kan få støtte til ein del av utstyret som kan gjenbrukast.	1 000 000
Bergen kommune	I AdO arena arrangerast det kvart år eit norsk meisterskap i symjing og eit i stup, samt nordiske meisterskap med jamne mellomrom. I tillegg arrangerast Bergen Swim Festival og Bergen Open kvart år. Til store arrangement trenger dei nytt utstyr som stupebrett og baneskillarar	740 000	740 000	AdO arena er ei av dei beste symjeanlegga i landet. Det er viktig at dei kan fortsette å arrangere sine meisterskap, og det vil difor få støtte til kjøp av nytt fastmontert utstyr.	700 000
Bergen kommune	Haukelandshallen skal brukast som arena for herrelandslaget i basketball. Trenger spesial basketkurver til dette.	314 500	314 500	Basketballforbundet har stadfesta at det skal vere landskamp i Haukelandshallen i november. Bergen kommune vil få støtte til tiltaket med spesielle basketkurver som må til for å spele landskamp	300 000
Kvinnherad kommune	Ny fleirbrukskall på Husnes	171 616 834	2 000 000	Det er mange fleirbrukskallar i Vestland fylke. For å få støtte er eit av kriteria at det kan arrangerast meisterskap. Med plass til berre 1000 tilskodarar kan halle kun vere aktuell for elite handball. Kvinnherad Arena kjem nok bak fleire andre fleirbrukskallar når det gjeld store arrangement. Kvinnherad vil difor ikkje kunne få investeringstilskot.	Avslag
Voss herad/Voss skyttarlag	Det er nye krav til elektronikk for feltskyting samstundes som det er eit behov for å auke til 30 elektroniske skiver på 100m.	1 872 000	1 000 000	Anlegget var nytta til Landskyttarstemnet i 2012 og var tildelt nytta i 2023. DFS karakteriserer anlegget som eit av dei mest moderne i landet og eit svært viktig anlegg for organisasjonen.	1 000 000
			5 979 500		3 000 000